

Nordhordland kompetanseregion

barnehage - grunnskule - PPT - vaksenopplæring

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

Referat frå styremøte nr 07/17 - 22.11.17.

Møtet fann stad på Nordhordland folkehøgskule.

Referat er sendt til HTV i medlemskommunane til orientering.

54/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Vedtak: Godkjendt.

55/17 GODKJENNING AV REFERAT FRÅ MØTE 06.10.17

Vedtak: Godkjendt.

56/17 UIU – LÆRANDE NETTVERK

Status:

Gjennomgang av referat frå arbeidsgruppa 07.11.17.

Planlegging av neste, og siste samling i strategien:

Drøfting.

Oppsummering:

Siste samling i UIU skal bidra til at NKR tek steget over frå UIU til arbeidet med ny læreplan.

Målgruppe: Deltakarane i lærande nettverk UIU (rektor /inspektør/ ressurslærer/ plangruppa). Barnesteget kan delta med rektor + 1.

Kapasitet på området: Kontakte Fylkesmannen for aktuelle førelesarar. Eli Gundersen, som har vore veileder i UDIR og delteke i Framtidas skole kan vere aktuell.

Bestilling/mål: Ruste skuleleiarane i Nordhordland til å gjennomføre implementering av overordna del på sine skular. Korleis få felles forståing i personalet på dei ulike omgrepa i overordna del. Avklare omgrep: dybdelæring – kva er det/kva er det ikkje?, tre tverrfaglege tema, kjerneelement, endringar i føremålsparagrafeen. Læringssyn.

Dato: Februar/mars? Før påske.

Lokale: Må fungere godt til førelesing for målgruppa og gruppearbeid.

Form: Førelesing med innlagt refleksjon + gruppearbeid på slutten av dagen i kommune- eller skulevise grupper.

Vidare arbeid: Koordinator sender ut innspela frå styret til arbeidsgruppa og startar arbeidet med å få ein førelesar for våren.

Plan for evaluering av Strategien:

Styret bed om at arbeidsgruppa for Lærande nettverk evaluerer strategien i sitt neste møte 18.12.17.

57/17 DESENTRALISERT KOMPETANSEUTVIKLING

Referat frå møte 26.10.17 var sendt ut. Alf Strand orienterte frå møtet. NKR og Voss kjem bakerst i køen i 2017 – fremst i køen i 2018.

Det som ikkje vart avklara: Kva miljø/kven frå UH-sektoren skal me knyte til oss?

Styreleiar hadde motteke refleksjonsspørsmål frå Alice Walgermo. Viktige spørsmål å reflektere over i det vidare arbeidet. Satsingsområda som er valte har vore drøfta i kommunane. Drøfta modellen med fellessamlingar og arbeid ute på skulane i mellomperioden. Korleis få til/organisere veiledning til prosessen som skjer ute på den enkelte skule? Det kan vere aktuelt å tenkje lærande nettverk.

Møtet med UH-sektoren 06.10.17 vart opplevt som nyttig. Høgskulen og UIB var dei som kunne best svare på NKR sin bestilling/behov. Det er kome tilbakemelding på at NKR var den regionen som tydelegast har formulert mål om å auke elevane sitt læringsutbyte.

Vidare arbeid:

Kvar kommune må avklare:

- Kva vil me prioritere?
- Kva treng me innanfor områda analysekompetanse – tilpassa opplæring – læringsresultat?
- Kor mange skular skal delta? Kven skal me rigge tilbodet for? 1.- 4., 5.-7. 8.-10.
- Kor tid? Oppstart haust 2018? Vår 2019? Haust 2019?

Så legg me ein plan for det me kan gjere saman og kvar for oss– i ulike konstellasjonar. Sak på første møte etter nyttår.

Styreleiar vidaresender refleksjonsspørsmåla til styremedlemene og melder tilbake til Alice Walgermo.

58/17 Opplæringssova § 9A-2

Tema som vart drøfta:

Ulike verktøy: Smart skole. Innblikk.

Rapportering til Fylkesmannen på førebyggjande tiltak: Kva ressursar/kompetanse arbeidar i skulen? Osterøy har hatt tilsett miljøarbeidar i samband med einskildsaker. Lindås kommune har vernepleiar/miljøarbeidar i høve til elevar med vedtak om § 5-1. Har nyleg tilsett 2 høgskuleutdanna (idrettsfag/lærar) miljøterapeutar som arbeidar på to skular kvar. Oppgåva er å følgje opp det som skjer i elevmiljøet. Skular som har fått ressursen er valt ut ut frå resultat på elevundersøkinga – trivsel, lærarar handhevar reglar ulikt. Meland lyser ut ein prosjektstilling som skal arbeide breidt med læringsmiljø og aktivitetar.

Tal saker: Nokre av skuleleigararane bed om kopi av tiltaksplanar som er utarbeidd ute på skulane. Kommunane rapporterar om nokre saker. Delte erfaringar.

Refleksjon rundt handlingsplikta.

59/17 INTERNETT OG EKSAMEN

Hallvard Rydland orienterte.

Bakgrunn: Skular kjem kort tid før eksamen med innspel til netteressursar som skal vere tilgjengeleg på eksamen. Udir: Elevane skal ha tilgang til alt bortsett frå høve til å kommunisere. Det er mange nettressursar som har chatfunksjonar og som brukar andre ressursar med slike opningar. Dette må IKTNH kvalitetssikre. Skuleeigar har eit ansvar for at det er lik tilgang for alle elevane.

Bak eksamensknappen i e-tid ligg i dag:

- Opning for alle ordbøker (norsk/bokmål/nynorsk/engelsk)
- Opning for alt relatert til udir.no - eksamen
- Opning for SNL (Store Norske Leksikon) – SNL har ein chatfunksjon som SNL lukkar når IKT-NH bed om det
- Opning for wikipedia
- Opning for norsk-sidene

Utfordringar med Wikipedia. Utfordring med Office 365/Google.

Nokre elevPC-ar der elev/føresette har fått innvilga stønad frå NAV er kjøpt gjennom IKTNH. Desse er rigga som andre elevmaskiner. Elevar som kjøper sjølv har ikkje same tilgangar/styringar. Elevar med vedtak om PC har også rettar til

tilrettelegging. Rektor har ansvar for dette. Dersom det er spørsmål omkring dette må ein ta direkte kontakt med IKTNH.

Vaksenopplæring: Elevar på vaksenopplæringa som skal ta grunnskuleeksamen skal også ha same tilgangar. Det er behov for å sjå på feide-tilgangar for vaksenopplæringa. Vaksenopplæringa på Osterøy har gjennomført eksamen på Osterøy ungdomsskule.

Innspel frå kommunane på nettressursar:

- Lindås: Ordbøker og Store Norske Leksikon. Elevar med lese-skrivevanskar med vedtak på tilrettelegging og hjelpemildar td textpilot må nytte egne maskiner.
- Osterøy: Ikkje fått innspel frå skulane.
- Meland har meldt inn tidlegare

Det vert sendt ut e-post med nasjonale føringar frå UDIR på kapasitet til maskiner og liknande til skulane og til skuleeigar. IKTNH får ikkje tilsendt dette automatisk. Det er viktig at rektor/skuleeigar sender meldinga vidare til IKTNH, slik at dette kan bli følgd opp.

Følgje med på UDIR sine sider: Meldingar om eksamensendringar vert sendt ut i februar. Dette er viktige dokument for å førebu elevar til eksamen.

Drøfting.

Konklusjon:

Styret i Nordhordland kompetanseregion vil gjere vedtak om kva nettressursar elevar som skal ta grunnskuleeksamen får tilgang til.

I tillegg til kommunane i Nordhordland er også Vaksdal og Austevoll ein del av IKTsamarbeidet. Det som NKR no gjer vil og få betydning for dei. Vaksdal og Austevoll vil også få høve til å kome med uttale.

Styret i NKR sender ut på høyring følgjande:

Eksamensknappen i e-tid skal innehalde:

- Opning for alle ordbøker (norsk/bokmål/nynorsk/engelsk)
- Opning for alt relatert til udir.no - eksamen
- Opning for SNL (Store Norske Leksikon)
- Opning for norsk-sidene

Samla uttale frå kommunen til dina.dyrhovden@lindas.kommune.no innan 06.12.17 kl 16.00.

Sak på neste styremøte 14.12.17.

60/17 BUDSJETT 2018

Vedtak: Budsjet for Nordhordland kompetanseregion for 2018 er vedteke.

61/17 DKS - SØKNAD OM STØTTE

NKR har for skuleåret 2017/18 motteke tildelingsbrev frå Hordaland fylkeskommune på kr 50.000,- . NKR har motteke søknad om støtte frå Anette Thorsheim og Helga Gunerius Eriksen om stønad til utvikling av ei audiovisuell framsyning for barn.

Styret drøfta saka. Det er viktig at ein i regionen styrkar utviklinga av ulike kulturuttrykk som kjem elevane i vår region til gode.

Vedtak: *Anette Thorsheim og Helga Gunerius Eriksen får tildelt kr 45.000,- til utvikling av ei audiovisuell framsyning for barn.*

NKR legg til grunn følgjande: Alle kommunane i regionen skal få tilbod om framsyninga. Kvar kommune skal få tilbod om ei framsyning til ein redusert pris. Det er søkjarane som sjølve marknadsfører tilbodet. NKR kan bistå med å sende ut informasjon om tilbodet til kommunane.

62/17 SKRIV OG MELDINGAR

a) DKS

Rapport frå 2015-16 og 2016-17. Koordinator sender ut rapport frå tiltaka som har fått stønad frå DKS til styremedlemene.

Tildelingsbrev for 2016/17 og 2017/18.

b) Arbeidsgruppe lærande nettverk - referat frå møte 07.11.17. Sjå sak 56/17.

c) Status samlingar og kurs:

Gjennomført: 19.10.17: Nettverkssamling for *retteiarar* for Nyutdanna, nytilsette

31.10.17: Regional skuleleiarsamling; Framtidas skule

10.11.17: Planleggingsdag

- Kari Pape, Ny rammeplan, 250 deltakarar
- Lene Holte: Pedagogikkens hjerte, 100 deltakarar

14.11.17: Nettverkssamling nyutdanna, nytilsette *barnehage* 12 påmelde deltakarar

16.11.17: Nettverksamling nyutdanna, nytilsette skule 24 påmelde

Rettleiing til nyutdanna/nytilsett: Koordinator har delteke på samlingane for nyutdanna/nytilsette. Det er noko ulik forståing og handtering av dette feltet. Styret vil sjå på dei retningslinjer som NKR utarbeidde for ei tid tilbake. Vert sett opp som sak på neste møte.

Planlagt: 23.02.18 på Dampen: Regional styrarsamling – Paul Otto Brunstad. Tema: Leiarskap, endring, veiledning. Handtering av 19 g.

Under planlegging: 10.01.18: Textpilot - For Lærer, elev og foreldre, PPT
Vår 2018: Lærande nettverk UIU (sjå sak 56/17)

d) LMS

Arbeidsgruppa er no i gang med utarbeiding av kravspesifikasjonen. Prosjektleiar Bjørn Tore Vakt skjold har erfaring med anskaffelsar og leier dette arbeidet. Målet er å ha anbudsgrunnlaget klart til jul.

e) Førespurnad frå KS om møte

Koordinator legg til rette for møte med KS i første møte etter nyttår.

f) Syns- og Audiopedagogisk Teneste i Hordaland

Koordinator legg til rette for møte med SAPT i vår. Inviterer då PPT og leiande helsesøster til dette møtet.

60/17 MOGELEGE ANDRE SAKER

- Møteplan for våren 2017: 15.02.18, 22.03.18, 31.05.17, 22.06.18
- Styremøte 14.12.17: Koordinator kjem tilbake med stad for møtet.
- Rekneskap vert sak på neste møte.

Knarvik, 24.11.17

Alf Strand
Styreleiar

Dina Dyrhovden
koordinator